

Kari Linn Mæland Hesjedal og Kjetil Knarvik Sande
Vardane 139
5911 Alversund

Alversund, 29. september, 2019

Lindås kommune,
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Merknader til delingssak 19/1034

Me har fleire gongar spurt kommunen om me vil få anledning til å gje svar på søkar sine kommentarar, på vår klage og merknadar til nabovarselet. Me har oppfatta at kommentarane til søkar skulle sendast ut før det vart gjort noko vedtak. No har me motteke ein e-post frå kommunen, som seier at me berre får uttala oss i ei klagevurdering etter vedtaket er gjort. Det er kanskje det kommunen har hevda heile tida, men ikkje det me slo oss til ro med.

Saksgangen har, etter det me forstår, vore heilt bakvendt. Det har ført til at søkar har fått utala seg utan at me får kommentera det. Hadde saksgangen vore normal ville nabovarsla vore sendt ut med søknaden. Me ville då komme med merknadar, og søkar kunne kommentera dei. I klageprosessen som no er i gang, ville me då kunne komma med tilsvaer. Det får me ikkje no, og ber om at de vurderer merknadane me kjem med, før det vert gjort eit vedtak. Ser at kommunen etter forvaltningslova §17 skal sjå til at ei sak er så godt opplyst som mogleg før eit vedtak vert fatta. I denne saka er det viktig, sidan søkar kjem med direkte usanne opplysingar i kommentarane til nabovarsla.

Lars-Otto og Gro Anita Høgquist prøver å gje eit inntrykk av me klagar av rein motvilje mot dei, på grunn av ein nabokrangel. Derimot skuldast til dels det dårlege naboforholdet ulike syn på området det er søkt om. Me vil heller påstå at saka vert mykje betre opplyst, om ein ikkje må ta omsyn til eit naboforhold.

Me har aldri påstått at det er Høgquist sitt ansvar å ferdigstillast snuplassen, så det Høgquist opplyser om dette er ikkje sant. Svare som Høgquist har lagt ved, bekreftar dette. Då Høgquist flytta inn visste me ikkje kva eit rekkefølgekrav var. Me trudde at utbyggar ville ferdigstillast snuplass og gangveg når alle husa var på plass. Dette har alle i nabolaget fått opplyst av Seim Bygg og Villanger, som me har kjøpt bustadane hjå, og Isdalstø Anleggsservice som stod for arbeidet på tomtane. I tillegg sa reguleringsplanen det same.

Me tok seinare kontakt med Høgquist for å få flytta skifermuren som ligg inne i snuplassen. Høgquist har kjøpt denne muren hjå Villanger, og me tipsa dei om å reklamera til Villanger før 5-årsgarantien gjekk ut. Dette ville ikkje Høgquist, fordi muren ikkje skulle flyttast. Me såg for oss at dette kunne ha sett i gong prosessen for å få ferdigstilt området.

Det er positivt at Høgquist vedgår at muren må flyttast, då dette er naudsynt for at ein kan få ein fungerande snuplass. Dette oppfatta me ikkje frå svare me fekk attende, då svaret er veldig upresist. Me registrerte at dei har planar om ei trappa, som verken ligg i søknaden eller reguleringsplanen, samstundes som dei skal heva terrenget, noko som fører til at trappa ikkje vil vera naudsynt. Delen av snuplassen som Høgquist meiner det ikkje kan verta snudd på, nyttar dei i dag til gjesteparkering. Tidlegare nytta dei den som parkering for egne bilar.

Fleire stader der Høgquist refererer til kva me har skrive, vert det gjort språklege endringar, slik at vår meining forsvinn. Samstundes nyttar Høgquist dei som premiss for argumentasjonen sin. Me ber om at de les det me faktisk har skrive, og ikkje det Høgquist påstår at me skrive, og at de ser vekk frå kommentarane til Høgquist som ikkje samsvarar. Dette bygger opp under det neste punktet.

For oss, næraste nabo til snuplassen, har Høgquist inga truverd. Me vurderte lenge om me skulle nemna det, då det kan oppfattast som frekt og setta oss i eit dårleg lys. Men truverd eit viktig poeng,

så lenge det berre er ordet til Høgquist som ligg til grunn. Kva erfaring me har gjort med Høgquist og vedlikehald er relevant. Me har fleire gongar bedt Høgquist om å fjerna boss, som dei har slengt i frå seg. Me kunne nemnt meir. Det er ingenting som tyder på at dei kjem til å halda snuplassen og gangvegen ved like.

Me meiner at ein i denne saka ser Høgquist sitt lemfeldige forhold til fakta. Dei har prøvd å halda skjult at målet er å bygga garasje, og forsøkt å halda søknaden skjult for oss naboar. Til og med naboen som Lars-Otto Høgquist har arbeidsgjevaransvar for, gjekk i uvisse på jobb i fleire månadar. Dei vart heller ikkje informert då bilete av hekken deira vart sendt til kommunen, men påstand om at den sto der utbyggaren skulle ha lagt ein gangveg.

Då me kjøpte bustaden vår hjå Seim Bygg låg det føre byggjeløyve på ein garasje, men det viste seg at garasjen var for stor til at den kunne plasserast på tomten. Alle kan gjera feil, men så det viste seg at me òg hadde ferdigattest på garasjen som ikkje kunne setjast opp. Då kommunen seinare truga med å trekka ferdigattesten på huset, og garasje, fordi utbyggar hadde sett opp ein ulovleg mur, utan nokon tilknytning til oss, kan ein undrast på kor kommunen var under utbygginga av feltet, og kor mykje ansvar kommunen har oppi dette.

Me meiner at kommunen har eit stort ansvar for situasjonen er slik den er. Me synes kommunen bør, om dialog ikkje fører fram, gå til rettslege skritt mot utbyggar Arkiton. Det er ein mykje betre løysing at utbyggar eller kommunen ferdigstiller området, enn at Høgquist får overta det for å bygga garasje.

Eit viktig poeng som me gløynte å komma med i merknadane til nabovarsel, er at det ikkje ligg føre nokon bindande avtale ved sal. Ein ny eigar vil stå heilt fritt til å gjera kva ein vil med området. Om Høgquist skulle ha teke over området, måtte ansvaret for vedlikehald, avtale om tilgjenge, og moglegheiter for sanksjonering som t.d. ei tilbakeføring av området, tinglysast.

Høgquist skriv at «vi har forlenget litt av trappen for å dekke over et hull». Då dette arbeidet var i gong, var planen i følge han som utførte arbeidet å bygga «trappa» ut i gangveg og snuplass. Me gjorde han kjent med grensene, og då vart planane endra, og delar av trappa vart lagt i grensa. Me har tidlegare nemnt at skifermuren er med i byggesøknaden til Høgquist/Villanger. Her ser ein at oppstillingsplassen til Høgquist skal ligga nord for huset, og ein skal gå nedanfor muren frå inngangspartiet. I tida trappa vart bygd, nytta Høgquist snuplassen som oppstillingsplass, og trappa gjorde denne meir tilgjengeleg. Om det berre var snakk om å dekkja eit hol, trong ein ikkje legga trappa over kanten på muren og omlag ein meter ekstra inn i snuplassen.


Me kommenterte dei fleste punkta som Høgquist påsto var fordelar om dei tok over området. Me viste at dei ikkje var fordelar. Høgquist kommenterer tre av våre punkt, men argumenterer ikkje for kvifor det skulle vera fordelar.

Bossbilen ryggar seg vanlegvis inn i vegen, men det er ikkje skjeldan den har snudd på vårt og naboen i 141 sitt tun. Om Høgquist får ta over snuplassen vil det vera eit problem at større bilar ikkje får snu utan å nytta vårt tun. Poenget vårt handla ikkje om at det var ein stor bakdel for renovasjon, men at det absolutt ikkje er ein fordel, slik Høgquist hevdar.

Stor fart er eit problem, og det er ein av grunnane til at naboforholdet er slik det er.

Me håpar dette vert vurdert før eit vedtak vert gjort.

Beste helsing



Kari Linn Mæland Hesjedal



Kjetil Knarvik Sande